


Søknad om endring av reguleringsplan etter forenkla prosess pbl § 12-14, andre ledd

Detaljregulering Gulen industrihamn, Gbnr. 63/15
 Gulen kommune
 PlanID 2013003



Revisjonshistorikk

Rev	Dato	Skildring av endringa	Utarbeidd av	Kontrollert av	Godkjent av
0	07.03.2024	Søknad om reguleringsendring etter forenkla prosess, Detaljregulering Gulen industrihamn, Gbnr. 63/15, Gulen kommune, PlanID 2013003	NOALAD NOSIHE NO1E6D	NOSIHE NOIRVA	NOSIHE
1	15.05.2024	Endring etter tilbakemelding frå kommunen	NO1E7T	NODRAN	NO1E7T
2	08.07.2024	Endring etter høyring	NO1E7T	NOADJO	NO1E7T

Innleiing

Sweco Norge AS har på vegne av Wergeland Eigedom AS utarbeidd ei reguleringsendring for reguleringsplan for Gulen industrihamn, Gbnr. 63/15, planid 2013003 som trådde i kraft 18.10.2018. Området er opparbeidd og ferdigstilt i tråd med hovudintensjonane i reguleringsplanen.

Bakgrunn for denne endringa er at Wergeland Gruppa AS/Georgine Wind AS/NVE har starta ein prosess for eit demonstrasjonsanlegg for ein havvindturbin i samband med sertifisering av turbinar, med plan om at turbinen skal overtakast av Wergeland Gruppa etter testperioden. I samband med dette arbeidet er det utarbeidd ein konsesjonssøknad med tilhøyrande konsekvensutgreiing. Turbinen er planlagt høgare enn det som er tillate etter gjeldande plan, og gjeldande plan må difor endrast.

Klimaendringar og global oppvarming gjer at vi globalt står ovanfor store utfordringar. I Parisavtalen har Norge forplikta seg til å redusere klimagassutslepp, og målet er at det ikkje skal bli varmare enn 2 grader, helst ikkje meir enn 1,5 grader. For å nå 1,5 graders målet er det viktig å gjere ein rekke hurtige tiltak. Ved å halde oppvarminga innanfor denne grensa forventar ein at risikoen for ekstreme vêrfenomen, havstigning og ein rekke andre negative konsekvensar for klimaendring vert redusert. Vindkraft er ein utømmeleg energikjelde som kan bidra til å nå dette målet. Prosjektet som Georgine Wind nå har satt i gang er ein del av det svært viktige grønne skiftet. Vindturbinen, som skal vere ein testturbin for vindturbinar til havs, er planlagt etablert inne på eit eksisterande næringsområde og har avgrensa verknader for nærliggande areal. Tiltaket vil få noko negativ konsekvens for naturmiljø, landskap, friluftsliv og omkringliggande bustader/fritidsbustader. Det grønne skiftet vil påverke det landskapet vi har i dag, men er heilt avgjerande for å sikre framtida vår.

- Målet med reguleringsendringa er å leggje til rette for ein høgare vindturbin enn det som er lagd til rette for i gjeldande plan.

For å kunne realisere prosjektet, og konsesjonssøknaden som Multiconsult har utarbeidd på vegne av Georgine Wind, må konsesjonssøknaden vere i tråd med reguleringsplanen.

Samandrag

Dette er ei forenkla planskildring for endring av nemnde reguleringsplan.

- Hovudendringa går ut på å legge til ein vindturbin som kan byggjast med ei høgde på inntil 275 meter.
- På plankartet er det teikna inn ei faresone rundt turbinen i samsvar med anbefalingane frå Meventus som har gjort ein vurdering av risiko for iskast. Faresona strekk seg delvis inn på naboplanen i vest (plan ID 2013002), og plangrensa for gjeldande plan er derfor utvida for å dekke heile faresona.
- Ei byggegrense som tidlegare sette avgrensing for utnytting av arealet langs sjøen er føreslått justert slik at vindturbinen kan etablerast.
- Ein intern tilkomstveg som er bygd annleis enn kva som er regulert takast med og oppdaterast i denne endringa etter ønske frå kommunen. Annan veggrunn er utvida langs alle vegar etter råd frå Statens vegvesen.
- Raud støysone rundt vindturbinen er teke inn i plankartet.
- Det er lagt inn byggegrense mot sjø i føremålsgrensa mellom BN1 og VHS1.

Parallelt med den mindre reguleringsendringa er det søkt om konsesjon for etablering av havvindturbin på tomte etter energilova. Det er utarbeidd ei konsekvensutgreiing til konsesjonssøknaden, datert 20.12.23, som også skal gjelde for reguleringsendringa etter forenkla prosess. Konsesjonssøknaden vart sendt ut på høyring januar 2023. Gulen kommunestyre vedtok ei positiv fråsegn til konsesjonssøknaden i møte 12.04.24.

I samband med oppstart av konsesjonssøknaden og konsekvensutgreiing for ein høgare vindturbin, har det vore folkemøte den 26.06.23. I samband med høyring av konsesjonssøknaden vart det halde folkemøte 05.02.24. Medverknad frå desse møta er òg dekkande for reguleringsendringa etter forenkla prosess.

Namn på gjeldande plan:	Detaljregulering Gulen industrihamn
GRN/BRN:	63/15
Vedtaksdato for gjeldande plan:	18.10.2018
Tidlegare endringar av gjeldande plan:	Ingen
Plankonsulent:	Sweco Norge AS
Forslagsstillar:	Wergeland Eigedom AS
Gebyrmottakar:	Wergeland Eigedom AS.
Dato for innsending av søknad:	08.02.2024
Dato for innsending av oppdatert søknad:	15.05.2024
Tidspunkt for høyring:	31.05.2024–21.06.2024
Dato for innsending av oppdatert søknad etter høyring:	08.07.2024

Innholdsliste

1	Bakgrunn for planendringa	5
2	Søknad om endringar	6
2.1	Føresegner	8
2.2	Plankart	11
2.3	Verknader/konsekvensar av endringa.	15
2.4	Andre opplysningar	22
3	Vurdering av kriteria for forenkla planprosess etter pbl. § 12-14, andre ledd	23
4	Medverknad	26
5	Høyring	27

Vedlegg

- 1 Gulen industrihamn_plankart, datert 08.07.2024
- 2 Gulen industrihamn_føresegner, datert 12.07.2024
- 3 Gulen industrihamn_merknadsskjema, datert 08.02.2024
- 4 Gulen industrihamn_ROS-analyse, datert 10.05.24.
- 5 Gulen industrihamn_notat trafikkvurdering, datert 06.05.2024
- 6 Konesjonssøknad med konsekvensutgreiing for havvindturbin i Sløvåg, utarbeidd av Multiconsult, datert 20.12.23
- 7 Merknadsoppsummering_Gulen industrihamn, datert 28.06.2024

1 Bakgrunn for planendringa

Wergeland Gruppa AS/Georgine Wind AS/NVE har starta ein prosess for eit demonstrasjonsanlegg for ein havvindturbin i samband med sertifisering av turbinar, med plan om at turbinen skal overtakast av Wergeland Gruppa etter testperioden. I samband med dette arbeidet er det utarbeidd ein konsesjonssøknad med tilhøyrande konsekvensutgreiing. Turbinen er planlagt høgare enn det som er omtalt i gjeldande plan, og gjeldande plan må difor endrast.

Vindturbinen vil ha ei nav-/tårnhøgde på 150 meter og ein rotordiameter på 250 m, noko som tilseier ei totalhøgde på 275 meter. Brutto årsproduksjon er førebels berekna til ca. 60 GWh, mens netto produksjon under normalt drift vert forventa å liggje på rundt 55 GWh.

I oppstartsmøte med kommunen 13.06.23 vurderte planavdelinga i Gulen kommune at reguleringsendring kan handsamast etter forenkla prosess. For å sikre ei god medverknad vart planarbeidet likevel varsla 13.07.23 før arbeidet tok til. I samband med at Gulen kommunestyre behandla fråsegn til konsesjonssøknaden 12.04.24, blei det vedteke at «administrasjonen får fullmakt til å godkjenne mindre reguleringsendring som berre gjeld for ein vindturbin i samsvar med konsesjonssøknad.»

Det er mange planar på Sløvåg og ein ser at det er hensiktsmessig å rydde opp i desse. I oppstartsmøte med kommunen var dette og eit tema, og det er planlagt oppstart av dette arbeidet våren 2024. Årsaka til at endringa av høgda på vindturbinen vert tatt som reguleringsendring etter forenkla prosess, er at det hastar med å få dette inn i planen. Opprydding av planane på Sløvåg inneber mange ulike tema og det vil ta tid å gjennomføre arbeidet.



GEs testturbin (Haliade-X 12 MW) i Rotterdam hamn. Kjelde: Melding - Testanlegg for en havvindturbin i Sløvåg, Wergeland Group AS, 2023

2 Søknad om endringar

Reguleringsendringa omfattar i hovudsak:

- I føresegnene er det lag til rette for «vindturbinar» innanfor BN4-BN8. Ei supplerande føresegn er tatt inn som legg til rette for éin vindturbin på 275 meter, eller vindturbinar på 150 meter:

«Ved oppføring av vindturbinar innanfor BN4-BN8 kan det enten etablerast ein vindturbin med høgde opp til 275 meter over gjennomsnittleg planert terreng, eller vindturbinar med høgde opp til 150 meter over gjennomsnittleg planert terreng.»

- Planendringa vil erstatte gjeldande reguleringsplankart og føresegner.
- Vindturbin over 150 meter er nytt i planen, det er difor utarbeida ein ROS-analyse for ein vindturbin med høgde på 275 meter og andre endringar i planen. Denne er lagt ved.
- Merknadsskjema i samband med varsel om oppstart er lagt ved saka.

Reguleringsplanen frå 2018 beskriv ikkje kvifor 150 meter vart sett som maksimal høgde på vindturbinane i si tid. Då reguleringsplanen vart utarbeidd var det ikkje sett i gang eit konkret prosjekt. Det har ein først no med GE Wind og omtalt konsesjonssøknad. Grunnen for at det no sjåast på ein vindturbin på heile 275 meter, er at det er ein testturbin for havvind. Det er enklare å frakte turbinar til havs enn rundt i landet, så transport sett ikkje avgrensingar for høgda på turbinane. For å kunne utnytte både kapasiteten og økonomien med kvar enkelt turbin som skal sjøsettast, medfører det store rotorblad som igjen er

avgjerande for høgda til vindturbinen. Ein kan leggje til at di høgare ein vindturbin er, jo større plass treng han. Det betyr at ein vil få plass til færre vindturbinar på området dersom dei er større enn 150 meter.

Når det gjeld forvaltning av strandsona, er området på Sløvåg bygd ut, og sett av til næringsføremål i arealdelen til kommuneplanen og i detaljreguleringar. Strandsona er av den grunn allereie nytta og bygd ut til næring.

2.1 Føresegner

- Dato for plankart er endra til **14.05.2024**
- Dato for føresegner er endra til **10.05.24**

- Ny § 1.1.4 er teke inn på bakgrunn av kommunestyret sitt vedtak 12.04.2024:

«1.1.4 Innandørs støynivå i hotellrom og opphaldsrom på hotellet eller anleggsbrakker skal vere i samsvar med det til ei kvar tid gjeldande regelverk. Andre arbeidsplassar skal tilfredsstillast krava til arbeidstilsynet.»

- § 1.2.11 er endra til:

«Tiltakshavar har plikt til å vise varsemd og til å straks melde frå til ansvarleg **mynde for kulturminne** dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jfr § 8, 2. ledd i Lov om kulturminne.»

- § 1.3 rekkefølgjekrav:

I gjeldande reguleringsplan ligg det ei omsynssone H350_3. Årsaka til denne omsynssona er at det i tilstøytande plan, Råolje- og petroleumsterminal Gulen industrihamn (planid 2013002), er lagt til rette for installasjonar, tankar og anlegg knytt til råolje og petroleumsprodukt innanfor fleire industriområde. Det er ikkje lengre aktuelt å etablere drift av råolje- og petroleumsanlegg innanfor Industri 9,10,11 og 12 i plan 2013002, og omsynssone H350_3 kan difor takast ut. Før det kan gjevast igangsetjingsløyve for vindturbinen på 275 meters høgde, må tekst i føresegnene i plan 2013002 som gjeld råolje- og petroleumsanlegg innanfor Industri 9,10,11 og 12 takast ut. Det vert sett rekkefølgjekrav knytt til dette:

«1.3.12 Før det blir gjeve igangsetjingsløyve for tiltak innanfor BN5 må det føreliggje eit vedtak av reguleringsplan for Råolje- og petroleumsterminal Gulen industrihamn (planID 2013002), kor sikringssona for brann-/eksplosjonsfare ikkje overlappar sona for iskastfare.

Føresegn 6.3.2 om brann-/eksplosjonsfare opphevast når planID 2013002 er endra slik at brannfaren ikkje lengre overlappar denne planen.»

Vidare er det knytt rekkefølgjekrav til avbøtande tiltak som blir fastsette i konsesjon etter energilova med tilhøyrande detaljplan og skuggekast for nye bygningar:

«1.3.10 For oppføring av vindturbin, skal avbøtande tiltak som fastsett i konsesjon etter energilova med tilhøyrande detaljplan vere utført eller sikra gjennomført.»

«1.3.11 Før oppstart av bryggjearbeidar som gjeld vindturbin skal det dokumenterast at omsyn til støy, iskast og skuggekast frå vindturbin er ivareteke for nye og eksisterande bygningar, også for bygg utanfor planen. Ved søknad om nye tiltak innanfor influensområde som går fram av konsekvensutgreiinga til vindturbinen skal det dokumenterast at desse vert bygd slik at Støy, skuggekast og iskast vart ivareteke.»

- Ny § 1.3.13 er tatt inn pga. trafikktryggleik:

«1.3.13 Før det blir gjeve igangsetjingsløyve for nye bygg og tiltak innanfor BN4–BN8 skal det gjennomførast siktrydding i kryssa som ligg i grensa mellom BN4, BN5 og BN8a/b og setjast opp spegel og vikepliktskilt. »

- § 2.1.4 og 2.1.8:

Område BN8 er delt i to grunna at ein veg er tatt inn (sjå 2.2 Endring i plankart under) og tekst er endra til **BN8 (a og b)**.

- § 2.1.4

Det er teke inn ei føresegn som seier at det kan førast opp éin vindturbin med høgde opp til 275 meter, eller fleire vindturbinar opp til 150 meter som i gjeldande detaljregulering.

«Ved oppføring av vindturbinar innanfor BN4-BN8 kan det enten etablerast ein vindturbin med høgde opp til 275 meter over gjennomsnittleg planert terreng, eller vindturbinar med høgde opp til 150 meter over gjennomsnittleg planert terreng.»

- § 2.1.8:

Det er lagt til ein ny setning i føresegnene under § 2.1.8 som opnar for den omsøkte turbinhøgda.

«I nordvestleg del av BN5 er det tillate å etablere ein vindturbin som har ei høgde opp til 275 meter over gjennomsnittleg planert terreng, med plassering i samsvar med konsesjonssøknad datert 20.12.2023.»

- For å få med heile fareområdet for iskast rundt turbinen, er planområdet utvida mot nordvest. For desse områda er det teke inn følgjande føresegner:

«§ 2.5 Industri

2.5.1 Føresegner som gjeld for industriområde BI2 i detaljregulering råolje- og petroleumsterminal Gulen industrihamn (planID 2013002) skal framleis gjelde for område IND.»

«§ 3.6 Kai

3.6.1 Føresegner som gjeld for KAI 3 i detaljregulering råolje- og petroleumsterminal Gulen industrihamn (planID 2013002) skal framleis gjelde for område KAI.»

§ 6.3.1:

- Som følgje av at Industri 9,10,11 og 12 i plan 2013002 vert endra slik at det ikkje lenger opnast for brannfarleg verksemd (sjå §1.3.12), vert omsynssone H350_3 tatt ut og endra frå ... *faresone H350_1- H350_3...* til ... *faresone H350_1- H350_2...*

- Vindturbinen krev høgspenkabel som skal leggjast i bakken. Plankartet er difor oppdatert med ei sikringssone på 6 meter og følgjande føresegn er lagt inn:

«§ 6.4 Faresone høgspenningsanlegg (inkl. høgspenkablar)

6.4.1 Innanfor området H370 er det ikkje tillate med tiltak som er til hinder for etablering av høgspenningsanlegget. Dette skal dokumenterast i søknad.»

- For å sikre området rundt turbinen for iskast er det lagt inn ei faresone.

«§ 6.5 Annan fare – fare for iskast

6.5.1. Innanfor faresone H390, fare for iskast frå vindturbin, er det ikkje tillat med varig opphald eller etablering av bygg som ikkje høyrer til vindturbinen. Utanfor faresona er det ikkje tillate med verksemdar og tiltak som ikkje har tilstrekkeleg sikring mot iskast nærare vindturbinen enn 175 meter.»

- For å verne arbeidstakarar mot støy frå vindturbinen, er det lagt inn ei støysone i plankartet med tilhøyrande føresegn.

«§ 6.6 Raud støysone for vindturbin


6.6.1 Innanfor støysone H210, raud støysone for vindturbin, kan det ikkje oppførast støysensitive verksemdar som kontor eller opphaldsrom utan at det er iverksett tiltak som sikrar at støy frå vindturbin ikkje overstig krava i forskrift om vern mot støy på arbeidsplassen.»

Opprydding i føresegner, grunna feil i føresegnene frå 2018:

- 3.1.1: o_SV1 er fylkesveg 47... er endra til o_SV1 er fylkesveg 57... då dette er rett namn på fylkesvegen.
- 3.1.2: f_SV2 - f_SV9 er internvegar og... er endra til f_SV2 - f_SV8 er internvegar og... ettersom f_SV9 ikkje eksisterer i plankartet.
- 3.3.1: f_SVT1- f_SVT9 er areal... er endra til f_SVT1- f_SVT8 er areal... ettersom f_SV9 ikkje eksisterer i plankartet.
- «Vindmølle» er gjennomgåande endra til «vindturbin».
- 7.1 / 7.1.1: «Føresegnssone» er endra til «føresegnssområde».

2.2 Plankart


Endringar grunna vindturbin



Utsnitt av foreslått reguleringsendring. Her ser ein at H350_3 er tatt ut. Det er lagt inn faresone for iskast (H390), raud støysone for vindturbin (H210) og sone for høgspenkablar (H370). Utsnitt av gjeldande reguleringsplan er vist øvst i venstre hjørne.

- Omsynssone H350_3 brann-/eksplosjonsfare er tatt ut av planen (sjå omtale av føresegnene § 1.32 og § 6.3.1 i kapittel 2.1 over).
- Ei byggegrense som sette avgrensingar for utnytting av areal mot sjø er noko justert slik at arealet der vindturbinen er tenkt plassert kan byggjast.
- Det er lagt inn kai, byggegrenser og industriområde frå naboplan, planID 2013002.
- VHS2, hamneområde i sjø, er utvida ved vindturbinen i samsvar med naboplanen, planID 2013002.
- For å kunne ta imot straumen turbinen produserer, må ein leggje høgspenkablar i jorda som blir ført til ein transformator. Det er difor lagt inn ei omsynssone (H370_) i plankartet. Omsynssona ligg inne med ei breidd på 6 meter, 3 meter på kvar side av kabelen.
- Innanfor næringsområdet som ligg nærast den planlagde vindturbinen, BN5, er det opna for bygg til ulike typar næringsfunksjonar (sjå føresegnene §§ 2.1.1 og 2.1.4). For å sikre tilfredsstillande støytilhøve for kontorarbeidsplassar og andre opphaldsrom, er det teke inn ei omsynssone «raud

støysone for vindturbin». Det er teke inn ei tilhøyrande føresegn i ny § 6.6.1, sjå omtale i kapittel 2.1 over og vurdering i ROS-analyse (vedlagt). Det er òg teke inn ei føresegn om støy i hotell og anleggsbrakker som ny § 1.1.4 på bakgrunn av vedtak i Gulen kommunestyre 12.04.2024.



Utsnitt av plankart som viser detaljar i området der vindturbinen er tenkt plassert.

- På plankartet er det regulert ei faresone H390 annan fare (iskast) frå turbinblad i samsvar med anbefalingane frå Meventus¹. Faresona overlappar delvis reguleringsplanen i nord, og plangrensa er difor utvida for å omfatte dette arealet. Det er same grunneigar på begge planane. Fare for iskast er utgreia i konsekvensutgreiinga til konsesjonssøknaden og vurdert i ein supplerande ROS-analyse som er lagt ved denne søknaden. Sonene er basert på NVE sine tilrådingar om akseptkriteriar for risiko for iskast.² Desse byggjer igjen på DSB si inndeling av omsynssoner rundt anlegg som utgjør fare for omgjevnadane. I gul sone (individuell risiko per år (LIRA) inntil 10^{-5}) kan det akseptast offentlege vegar og faste arbeidsplassar innan industri- og kontorverksemd. I grøn sone (risiko inntil 10^{-6}) kan det akseptast bustadføremål. Basert på dei utførte berekningane ligg grenseverdien for den gule sona i ein avstand på ca. 30–175 m frå turbinårnet med lengst avstand mot nordøst (størst risiko for iskast i denne sektoren), sjå figur under. Det er tilrådd at det blir sett opp fareskilt ved inngangen til industriområdet som åtvarar om risiko knytt til iskast og isnedfall når dei meteorologiske forholda tilseier dette. Det er òg tilrådd at det blir installert eit system for deteksjon av is på turbinen. Det blir føreslått å ta inn ei føresegn i planen som seier at det ikkje er tillate med verksemd og tiltak som ikkje har tilstrekkeleg sikring mot iskast nærare vindturbin enn 175 meter. Føremålet er å unngå at det blir ført opp bygg som kan vanskeleggjere etablering av vindturbin og at nye bygg skal ha tilstrekkeleg tryggleik mot iskast. Føresegnene er oppdaterte i samsvar med dette (sjå omtale av § 6.5.1 over).

¹ Meventus AS. Sløvåg vindkraftverk – vurdering av risiko for iskast. Rapportnr. 2023–008.

² NVE 5/2018. Veileder for håndtering av iskast i norske vindkraftverk.



Illustrasjon over raud, gul, og grøn iskastsone (Kjelde: Meventus).

Opprydding i plankart

Etter at planen vart vedteken i 2018, vart det naudsynt å gjere om vegnettet på tomta. Difor har Sweco på vegne av Wergeland søkt om dispensasjon for omlegging av veg (sak 2023/3435-3). Dette vart vedteke 22.12.2023. Plankartet er oppdatert i samsvar med dispensasjonen. Vegbreidda og standarden på dei nye vegane er den same som i dei tidlegare regulerte vegane innanfor planområdet.

Vegnettet skal sikre tilkomst for verksemdene i planområdet. Den eksakte plasseringa av internvegnettet i 2018 vart truleg fastsett på grunn av høgdeskilnaden mellom næringsfelta. Ved å sprengje bort denne høgdeskilnaden vart det opna opp mellom næringsfelta, noko som resulterte i at området faktisk kunne nyttast som tilkomstveg. Plassen er open med fast dekke, og tilfredsstillar behovet for enkel tilkomst mellom delområda.


Den nye løysinga aukar framkomst i området, samanlikna med det som vart regulert i 2018. Etter at planen vart vedteken i 2018, har det oppstått eit nytt behov for å transportere større og høgare anleggsmaskinar, modular og jackets mellom næringsområda. Det var ikkje mogleg å gjennomføre med den tidlegare regulerte løysinga på grunn av høgdeskilnadene. Ny vegløyising legg difor til rette for industri-, handverks- og lagerverksemd på ein betre måte enn tidlegare regulert løysing, og gjer det mogleg med ønskt næring i området. Det er i samband med ROS-analysen avdekka at det i X-krysset som er danna av dei nye vegane bør gjerast tiltak for å betre sikta. Dette kan gjennomførast utan at det er

behov for endringer i reguleringsplanen. Det er interne reglar om fart i området som er 30 km/t, risikoen for ulukker er difor vurdert som låg.


Areal for vegskulder (SVG – annan veggrunn) er utvida med éin meter på kvar side av vegane. Byggjegransene mot veg er justert tilsvarande, slik at avstanden frå SVG er den same som før. Dette skal gje rom for framtidige justeringar/utvidingar av vegane, og hindre at nye bygg kjem så tett på vegane at det vanskeleggjer framtidig utvikling av vegsystemet. Endringa er gjort etter råd frå Statens vegvesen ved høyringa av planendringa.

Oppsummering av endringer i plankartet:

- Etter ynskje frå kommunen er det lagt inn ny trase for f_SV2 og justert tilgrensande anna veggrunn og byggjegranser. Traseen er lagt inn etter innmålingar av ferdig bygd veg med nokre justeringar. Andre veglinjer er justert der det er nødvendig.
- f_SV8 er flytta lengre sør grunna ny trase for f_SV2. f_SV8 følgjer no veglinjer i basiskart.
- Del av f_SV2 er teken ut (inkludert tilhøyrande frisktsoner som ikkje lengre er aktuelle).
- Nummerering for veg og annan veggrunn er tilpassa plankart, grunna feil nummerering i gjeldande plankart, sjå 3.1.1, 3.1.2 og 3.3.1 over.
- Byggjegranser er justert noko for å samsvare med frisktsoner.
- På grunn av at BN8 blir delt av ny trase for f_SV2 er tidlegare BN8 no delt inn i BN8 - a og BN8 - b.
- Annan veggrunn (SVG) er utvida med éin meter på kvar side av vegane. Byggjegransene mot veg er justert tilsvarande.
- Arealtekst på plankartet er oppdatert der det er gjort endringar i formålsgrensene.
- Teiknforklaringa er oppdatert i samsvar med endringane i plankart.



Utsnitt gjeldande reguleringsplankart



Utsnitt av foreslått reguleringsendring. Etablerte vegar (ringa rundt med raudt) på anlegget er lagde inn i plankartet etter ønskje frå kommunen.

Byggjegrænse mot sjø

I næringsområde BN1, nordvest i planområdet, mangla byggjegrænse mot sjø. Området er heilt utbygd med tørrdøkk og kai i samsvar med godkjend søknad. Byggjegrænsa er difor sett i føremålsgrensma mellom BN1 og VHS1. Endringa er i samsvar med bygd situasjon og er vurdert å ikkje ha verknader for nokon interesser eller omsyn.

2.3 Verknader/konsekvensar av endringa.

I gjeldande plan er det allereie godkjent for «vindturbinar» (i fleirtal) på inntil 150 meter høgde. Endringa legg til rette for at om det vert oppført éin vindturbin med høgde opp til 275 meter, eller fleire vindturbinar med høgde opp til 150 meter som i gjeldande plan.

Gjeldande føresegn, som legg til rette for «vindturbinar» på inntil 150 m høgde, betyr i teorien at det kan etablerast fleire enn to vindturbinar innanfor BN4-BN8. Med ein vindturbin på 275 meter høgde innanfor BN4-BN8, blir utnyttinga med vindturbinar i planen ikkje auka som følgje av reguleringsendringa.

I konsekvensutgreiinga som følgjer konsesjonssøknaden er følgjande tema belyst:

- Landskap
- Store naturområde med urørt preg
- Kulturminne og kulturmiljø
- Flaggermus
- Friluftsliv
- Reiseliv/turisme
- Lokal og regional verdiskaping
- Støy
- Skyggekast
- Iskast
- Klima
- Anna forureining
- Annan infrastruktur
- Forsvarsinteresser
- Vêr/kystradarar
- Luftfart
- Telekom

Hovudkonklusjonane frå konsekvensutgreiinga er at vindturbinen vil vere synleg frå fleire område, dette gjeld for landskap, friluftsområdet på Kistefjell og kulturminnet den Trondhjemske postveg. Det er her viktig å peike på at fleire vindturbinar på 150 meter også ville vore synleg.

Vidare vil støynivå for bustader og fritidsbustader vere under grenseverdi på 45 dB. Det vil bli noko auke i støybelastning og visuell påverknad på eigendommene i Halsvika. Retningslinjene for støy i arealplanlegginga (T-1442) skal varetake støyfølsame bygg og uteområde. Omsynet til støy i næringsbygg blir vareteke i tekniske krav til bygg og i arbeidsmiljølova. Støy for arbeidsplassar er likevel omtalt i ROS-analysen, og det er teke inn ei omsynssone for raud støysone rundt vindturbinen. Tilhøyrande føresegn som skal sikre tilfredsstillande støyforhold for støyfølsame verksemder som kontorarbeidsplassar og opphaldsrom.

Ingen bustader eller fritidsbustader vert eksponert for teoretisk skuggekast over 30 t/år eller faktisk skuggekast over 8 t/år, mens nokre bygningar vil overskride grenseverdien for teoretisk skuggekast på 30 min/dag. Det er foreslått avbøtande tiltak for iskast og skuggekast, og dette er vareteke gjennom faresone iskast og føresegn om iskast og skuggekast.

For kommuneøkonomien vil tiltaket vere positivt i form av eigedomsskatt og produksjonsavgift. For næringslivet kan tiltaket gje moglegheiter for å opparbeide lokal kompetanse og erfaringar og posisjonere seg med tanke på framtidig havvindutbygging i Nordsjøen. For klima vil vindturbinen vere positiv med tanke på reduksjon i klimagassutslepp. Utslepp som følgje av avskaling (mikroplast) er heilt minimale. Tiltaket påverkar ikkje luftfarten. For meir informasjon vert det vist til vedlagte konsekvensutgreiing (datert 20.12.23) for utdjupande skildring av dei ulike faktorane som kan verte påverka av ei auke høgde på den planlagde vindturbinen.

Risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS)

I ROS-analysen er det foreslått fleire avbøtande tiltak, som er tatt inn i føresegnene til planen knytt til iskast, skugge, støy og vedtak i naboplan om å ta ut formål knytt til råolje- og petroleumsprodukt.

Tabellen nedanfor oppsummerar forslag til tiltak og mogleg oppfølging i vidare prosess:

Hending	Tiltak	Oppfølging gjennom planverktøy eller anna	Risikobilete etter tiltak
1	Montere ned vindturbinen i 2055. Byggje på kotehøgd over forventa havstiging.	Konsesjonstida er 30 år. Kotehøgd sikra gjennom føresegn: «Vindturbinen må etablerast med topp fundament minst 3,2 moh.»	Risikoen for stormflo og havstigningsnivå vurderast å være redusert etter gjennomføring av tiltak.
2	Fareskilt og varsling Kontinuerleg observasjon Gode HMS-prosedyrar Stans av drift i periodar	Blir følgd opp i konsesjonssaka. Sikra omsynssone for iskast i plankart. Rekkefølgjekrav i føresegnene som seier at: «Innanfor faresone H390, fare for iskast frå vindturbin, er det ikkje tillate med varig opphald eller etablering av bygg som ikkje høyrer til vindturbinen. Utanfor faresona er det ikkje tillate med verksemder og tiltak som ikkje har tilstrekkeleg sikring mot iskast nærare vindturbinen enn 175 meter.»	Ein vurderer at risikoen vil reduserast dersom ein følgjer krav i føresegn.
3	Sensorar som styrar turbinen og kan stansast i korte periodar for å unngå skugge Skjermingstiltak	Blir følgd opp i konsesjonssak Rekkefølgjekrav i føresegn som seier at: «For oppføring av vindturbin, skal avbøtande tiltak som fastsett i konsesjon etter energilova med tilhøyrande detaljplan vere utført eller sikra gjennomført.» Det er i tillegg teke inn følgjande rekkefølgjekrav for nye bygg: «Ved søknad om byggjeløyve skal det dokumenterast at omsyn til skuggekast frå vindturbin er vareteke for nye bygningar med rom for overnatting, kontor eller opphaldsrom.»	Det er ingen spesiell risiko knytt til skuggekast i utgangspunktet, men med tiltaka vil ein få ein forbetra situasjon som er akseptabel for dei omkringliggende bustadar/verksemder som vert råka.
4	Nye støyberekningar etter å ha målt faktisk kjeldestøy på turbinen.	Blir følgd opp i konsesjonssaka. I føresegnene til detaljreguleringa er det teke inn følgjande rekkefølgjekrav: «1.3.10 For oppføring av	Risikoen for støy er der sjølv om ein gjer tiltak, men det kan betre situasjon til dei råka.

Hending	Tiltak	Oppfølging gjennom planverktøy eller anna	Risikobilete etter tiltak
	Tiltak dersom ein kjem over grenseverdiar	<p>vindturbin, skal avbøtande tiltak som fastsett i konsesjon etter energilova med tilhøyrande detaljplan vere utført eller sikra gjennomført.»</p> <p>Raud støysone for vindturbin er teke inn i plankartet, og det er knytt ei føresegn til denne som stiller krav til arbeidsplassar i denne sona: «6.6.1 Innanfor støysone H210, raud støysone for vindturbin, kan det ikkje oppførast støysensitive verksemdar som kontor eller opphaldsrom utan at det er iverksett tiltak som sikrar at støy frå vindturbin ikkje overstig krava i forskrift om vern mot støy på arbeidsplassen.»</p> <p>Det er òg teke inn ei ny føresegn som seier: «1.1.4 Innandørs støynivå i hotellrom og opphaldsrom på hotellet eller anleggsbrakker skal vere i samsvar med det til ei kvar tid gjeldande regelverk. Andre arbeidsplassar skal tilfredsstillast krava til arbeidstilsynet.»</p>	
5	HMS rutinar Brannkonsept Rapport for kompetanse/utstyr i nærleiken	<p>Blir følgd opp i konsesjonssaka.</p> <p>I føresegnene til detaljreguleringa er det teke inn følgjande rekkefølgjekrav: «For oppføring av vindturbin, skal avbøtande tiltak som fastsett i konsesjon etter energilova med tilhøyrande detaljplan vere utført eller sikra gjennomført.»</p>	Det er framleis knytt noko risiko til brann og ein må syne korleis ein kan løyse ein evt. brann i maskinhuset då det er høgt oppe i lufta. Men med tiltak som beskrive vil situasjonen betrast.
6	Endring av område med eksplosjonsfarleg verksemd i tilstøytande detaljregulering.	Det skal i planendring reduserast kva område det er knytt verksemdsrisiko til.	Med tiltak vil risikoen for eksplosjon som råkar område i denne planen bli låg.
7	Undersøke ureining i botnsediment i samband med søknad om løyve til tiltak i sjø.	<p>Mikroplastureining og ev. anna direkte ureining frå turbinen blir følgd opp i konsesjonssaka.</p> <p>I føresegnene til planen ligg følgjande krav inne, som er tilstrekkeleg for å varetake</p>	Med tiltak vil risikoen for forureining vere låg.

Hending	Tiltak	Oppfølging gjennom planverktøy eller anna	Risikobilete etter tiltak
	Forureining frå turbinen (mikroplast) blir handtert i konsesjonssaka.	<p>omsynet til forureina botnsediment:</p> <p>«1.2.8. Tiltak i ureina område på land eller i sjø skal følgje krava etter ureiningslova. Dersom det er ureina grunn over normverdiane pliktar tiltakshavar å utarbeide ein tiltaksplan.»</p> <p>«1.2.9 Når det skal fyllast ut eller mudrast i område der det er fare for ureina sediment, må miljøtekniske undersøkingar stadfesta ureiningsgraden. Storleiken på tiltaket/utfyllinga er avgjerande for kva undersøkingar som må utførast, jf. Miljødirektoratet sin rettleiar Handtering av sedimenter (M-350, 2015). Store tiltak > 50000 m³/30000 m³ krev både sedimentgranskning og naturkartlegging.»</p>	
8	Det er tilrådd at sikt i eit x-kryss i planområdet blir utbeta, med siktryddig, speil og vikepliktskilt.	Det er ikkje vurdert å vere behov for endringar i detaljreguleringa for å gjennomføre tilrådde tiltak. Sjølv om dette er private vegar der krava i vegnormalen ikkje gjeld, bør vegløyisingar vurderast på nytt i det igangsette arbeidet med å sjå eksisterande planar i samanheng.	Med tiltak vil risikoen for trafikkulukker vere låg.

Relevante illustrasjonar frå konsekvensutgreiinga



Visualisering av planlagt vindturbin, sett frå ferjekaia på Leirvåg. Kjelde: Multiconsult




Visualisering av planlagt vindturbin, sett frå Halsvika. Kjelde: Multiconsult



Visualisering av planlagt vindturbin, sett frå Kistefjellet. Kjelde: Multiconsult.



Visualisering av planlagt vindturbin, sett frå Knarrvika. Kjelde: Multiconsult.



Tegnforklaring  Turbinpunkt  Hus  Hytte	Støy, Lden  40 - 45  45 - 50  50 - 55  55 >	Testanlegg for havvindturbin		Tiltakshaver: Georgine Wind AS	
		Støy		Utarbeidet av: Multiconsult	
		Målestokk: 1:22 500		Multiconsult AS Postboks 265 Skøyen 0213 Oslo	
		Oppdrag: 10250308-01		Dato: 22.09.2023	
		Tegnet av: KJM		Kartgrunnlag: Geocache Bilder	
Filnavn: Støy.mxd					

Berekn støy nivå for omsøkt turbinlokasjon. Kjelde: Multiconsult.

2.4 Andre opplysningar

Det vert parallelt utarbeidd ei reguleringsendring for Råolje- og petroleumsterminal Gulen industrihamn (planID 2013002), der råolje- og petroleumsanlegg innanfor Industri 9,10,11 og 12 vert tatt ut av føresegnene. Som følgje av dette vert omsynssona som gjeld eksplosjonsfare redusert. Det er knytt rekkefølgekrev i planendringa at endringa i planID 2013002 skal vere vedtatt før igangsetjingsløyve for vindturbin på høgde opp til 275 meter vert gjeve.

Til opplysning er det avhalde oppstartsmøte for ein ny reguleringsplanprosess som skal samle og rydde opp i fleire reguleringsplanar på Sløvåg. Intensjonen med dette arbeidet er å regulere for det som er bygd i området og leggje til rette for utvikling i framtida. Oppstart av dette arbeidet er våren 2024. Blant dei forholda som denne planen skal vurdere, er utnytting av næringsareala, føremålsgrense mot sjø, utforming av interne vegar og andre forhold som har betydning for framtidig utvikling og bruk av industriområdet.

3 Vurdering av kriteria for forenkla planprosess etter pbl. § 12-14, andre ledd

Planforslaget vert fremma som reguleringsendring etter forenkla prosess, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 12-14 andre ledd. Lova gjev moglegheit for å vedta endring av reguleringsplan etter ein enklare prosess, når endringane:

- *i liten grad vil påverke gjennomføringa av planen elles*
- *ikkje går utover hovudrammene i planen*
- *og heller ikkje vedkjem omsynet til viktige natur- og friluftsområde*

Lovteksten er eit resultat av ei lovendring i 2017, som i betydeleg grad auka moglegheita til å gjere endringar i reguleringsplan utan full planbehandling. Føremålet med endringa var mellom anna å effektivisere planprosessane. Det er kommunen som i kvart enkelt tilfelle må vurdere kva som ligg i dei nemnde kriteria, jamfør lovkommentaren til plan- og bygningslova. Moglegheit for å leggje til rette for vindturbin med ei forenkla prosess har vore drøfta i oppstartsmøte. Gulen kommunestyre vedtok i møte 12. april 2024 at «administrasjonen får fullmakt til å godkjenne mindre reguleringsendring som berre gjeld for ein vindturbin i samsvar med konsesjonssøknad.» Dersom det kjem merknader frå aktuelle styresmakter som har karakter av motsegn, vil likevel planen måtte behandlast vidare etter ein ordinær planprosess.

Planendringa, som medfører at høgda på ein vindturbin endrast frå 150 til 275 meter, er vurdert å i liten grad påverka gjennomføringa av gjeldande plan, då området allereie er opparbeidd og ferdigstilt i tråd med hovudintensjonane i reguleringsplanen. Der endringa påverkar andre funksjonar og omsyn, er dette teke høgde for ved justeringar i planforslaget. Dette gjeld mellom anna endring av sikringssone for brann- og eksplosjonsfare og ny omsynssone knytt til fare for iskast og raud støysone rundt vindturbinen. Det er teke inn føresegnar som varetok iskastfare, støy for arbeidsplassar og skuggekast innanfor planområdet. Endringa vil heller ikkje få verknad for andre saker på ein måte som gjer det naudsynt å sjå ho i ein større samanheng.

Gjeldande reguleringsplan legg til rette for eit vidt omfang av næringsverksemd, der vindkraftproduksjon inngår. I føresegnene § 2.1.4 er det mellom anna nemnd hamn, vindturbinar, landbasert oppdrett, ilandføring av gassleidning, gassbehandlingsanlegg, demontering av oljeinstallasjonar og service og ferdigstilling av olje- og landbaserte konstruksjonar. Innanfor delområda BN4–BN8 er det tillate å etablere kranar og vindturbinar som har ei høgde opp til 150 m over gjennomsnittleg planert terreng. Planen seier ikkje noko om talet på vindturbinar som kan oppførast. Den gjeldande reguleringsplanen har såleis vide rammer for kva verksemd som kan tillatast, også når det gjeld vindkraft.

Den føreslåtte planendringa inneber at det blir opna for ei vindturbin med vesentleg større høgde. Grunna planteknisk gjennomføring, er det gjort endringar i plankartet for å leggje til rette for dette. Samstundes blir det sett ei grense på talet på vindturbinar ved at det *anten* kan etablerast ein vindturbin med høgde opp til 275 meter, *eller* eit uspesifisert tal vindturbinar med høgde opp til 150 meter som i tidlegare plan. Trass auka høgde, blir derfor ikkje utnyttinga med vindturbinar i planen auka, heller tvert imot, og vurderinga er derfor at planendringa ikkje går ut over hovudrammene i den gjeldande planen.

Fotomontasjane visar forskjellen på ein vindturbin på 150 og 275 meter, sett frå Hovden:



Fotomontasjen viser ein vindturbin på 150 meter til venstre, og ein på 275 meter til høgre. Kjelde: Multiconsult

Det er gjort en grundig konsekvensutgreiinga knytt til konsesjonssøknaden. Konsekvensutgreiinga konkluderer med at vindturbinen vil gje noko negativ konsekvens, og opplevast i landskapet, men hovudsakleg frå lang avstand. Med tanke på kulturminne vil vindturbinen verte synleg frå den Trondhjemske postveg, men topografi og skog vil dempe den visuelle påverknaden ein god del, konsekvensen for dette temaet er sett til ubetydeleg. Det er viktig å peike på at fleire vindturbinar med høgde på 150 meter også ville vore synlege frå omkringliggjande landskap. Sjølve området kor vindturbinen er plassert er inne på eit etablert industriområde og er ikkje tilgjengeleg for allmenta.

Støy og skuggekast frå vindturbinen vil berre påverke to av 79 friluftsområde, nærare bestemt Kistefjellet og Halsvika, medan iskast ikkje er ein relevant problemstilling i høve til friluftsliv, då fare for iskast vil gjelde inne på industriområdet. Støy er vurdert til å være under grenseverdiane på L_{den} 45 dB for hus og hytter. Konsekvensutgreiinga for folkehelse konkluderer med at grenseverdiane knytt til støy og skuggekast vil overhaldast, men at det kan medføre noko ekstra plage. I konsesjonssøknaden er det føreslått avbøtande tiltak knytt til støy og skuggekast. Om konsesjon vert gitt, vert dette følgt opp.

Sjå elles konsesjonssøknad med konsekvensutgreiing datert 20.12.23 for meir informasjon.

Ettersom ein ikkje har jobba vidare med vindturbinar på 150 meter, som gjeldande plan legg til rette for, er det ikkje utarbeidd konsekvensutgreiing knytt til dette. Men ein kan gå ut i frå at støy, skuggekast, og synlegheit ville vore ei problemstilling knytt til eit slikt prosjekt òg.

Når det gjeld forvaltning av strandsona er området på Sløvåg bygd ut, og regulert i overordna plan og detaljreguleringsplanar til næringsområde. Strandsona er av den grunn allereie nytta til kaiar og områda på land er planert og bygd ut til næring.

Ein kan ikkje sjå at tiltaket er i strid med nasjonale eller viktige regionale interesser. Sjølv om vindturbinen vil vere synleg og det kan oppstå støy (under grenseverdiane) for omkringliggjande område, er det ikkje viktige naturområde, friluftsområde eller grøntområde der vindturbinen vert plassert. Plasseringa er inne på eit stort og etablert industriområde.

Den føreslåtte endringa vil ikkje påverke natur- og friluftsområde direkte, sidan det gjeld eit etablert næringsområde. Konsekvensane av å føre opp ei vindturbin på 275 meter, inkludert verknadane for natur- og friluftsområde utanfor planområdet, er utgreidd i konsekvensutgreiinga til konsesjonssøknaden, og vil bli grundig vurdert i denne prosessen. Ei eiga vurdering av desse tilhøva i reguleringsplanen, ville

føre til ei unødvendig dobbeltbehandling. Sidan kommunestyret allereie har teke stilling til konsesjonssøknaden, har kommunen uansett eit breitt og godt kunnskapsgrunnlag i saka.

I nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027 er det vist til at berekraftig utvikling er eit hovudformål. Regjeringa legg til rette for grøn omstilling og auka berekraftig verdiskaping som gjev lønsame arbeidsplassar i heile landet. Fylkeskommunane og kommunane har som planstyresmakter og samfunnsutviklarar ei viktig tilretteleggjarrolle. Effektive og gode planprosessar er avgjerande for å lykkast med regjeringa sitt mål om eit grønt industriløft. Plan- og bygningslova gjev fylkeskommunane og kommunane fleksibilitet til å tilpasse planlegginga til behovet. Regjeringa meiner det er viktig at dette handlingsrommet vert utnytta for å legge til rette for ønska utvikling, samtidig som planlegginga ikkje vert gjort meir omfattande enn nødvendig. Vindturbin bidreg til å redusere klimagassutslepp og bidreg til sysselsetting og inntekt til Gulen kommunen. Ein ser det som viktig at det i denne saka vert lagt godt til rette for at plansaka vert handtert smidig og at ein legg til rette for det grøne skiftet.

Sett dette under eitt, vil endringane i denne planen gå innunder § 12-14, andre ledd, reguleringsendring etter forenkla prosess.

Før det blir fatta vedtak, skal saka leggjast fram for aktuelle styresmakter. Dei som saka gjeld, som eigarar og festarar av aktuelle eigedomar og andre som saka er viktig for, skal få moglegheit til å uttale seg. Lova gir ingen frist for høyring, men departementet har i lovkommentaren til plandelen av plan- og bygningslova lagt til grunn at ein rimeleg frist vil kunne vere på to–tre veker. I denne saka har det allereie vore ei høyring i perioden 12.07.2023 til 25.08.2023 i samband med oppstartsvarsel for planendringa. Det er etter dette også gjennomført ein grundig medverknads- og høyringsprosess i samband med konsesjonssøknaden. Etersom det er dei same forholda som no skal høyrast i plansaka, er det vurdert at ein avgrensa høyringsperiode vil vere tilstrekkeleg.

4 Medverknad

Det vart halde eit folkemøte den 26. juni 2023 i samband med oppstart av konsesjonssøknaden og konsekvensutgreiinga for vindturbin på opp til 275 m høgde, og eit nytt folkemøte 5. februar 2024 i samband med at konsesjonssøknaden er på høyring.

Det er varsla om igangsetting av reguleringsarbeid for reguleringsendringa per brev til naboar, grunneigarar og høyringsinstansar. Planoppstart er òg kunngjort i Strilen 12. juli 2023 og på Sweco.no. Det er kome inn fem merknadar frå høyringsinstansar og 17 merknadar frå private. Oppsummering og kommentarar til mottekne merknader er lagt inn i vedlagt merknadsskjema.

Ein del av merknadane rettar seg både mot føreliggjande mindre reguleringsendring og reguleringsplan for Sløvåg industriområde som er planlagt oppstart på, parallelt med denne planen. Dette skuldast at det er sendt eit felles planinitiativ for begge planane, og det vart halde eit felles oppstartsmøte, 13.06.23, med referat for begge planane. Difor er nokre merknadar meir omfattande og handlar om andre forhold enn føreliggjande reguleringsendring. Dette er blitt nyansert i kommentarane til merknadane.

Merknader som er retta til føreliggjande reguleringsendring (auke av høgda på ein vindturbin) handlar mellom anna om følgjande: Turbinen tek ikkje omsyn til folk eller miljø, synleg på grunn av høgda, støy og lysforureining frå varsellys, har konsekvensar for fuglar og trekkfuglar, reduksjon i eigeomsverdi, vindturbinar bør førast opp til havs, forureining frå hydraulikkolje og mikroplast frå rotorane, skugge, iskast, fråflytting, turisme, stiller spørsmål ved metoden støyen vert rekna ut på, vindturbin vil vere ein magnet for lyn.

Forslagsstillar har forståing for at det er reaksjonar og kjensler når det vert søkt om bygging av ein så stor vindturbin. Gjeldande reguleringsplan opnar for etablering av vindturbinar på inntil 150 m høgde. Konsekvensutgreiinga som følgjer søknaden, viser konsekvensane når høgda vert auka til 275 m. Det vert vurdert at tiltaket vil medføre *noko negativ konsekvens* for landskap, naturmangfald og friluftsliv. Dette må vegast opp mot fordelane av tiltaket. Tiltaket er eit miljøprosjekt som vil bidra til å nå klimamåla og motverke klimaendringane.

5 Høyring

Forslaget til endring av detaljregulering for Gulen industrihamn var på høyring i perioden 31.05.2024–21.06.2024. Det kom inn 15 merknader til planendringa. Sju av merknadane er frå offentlege styresmakter, tre frå organisasjonar mot vindkraft og fem frå privatpersonar.

Statsforvaltaren i Vestland og fleire av organisasjonane og privatpersonane er kritiske til at endringa blir gjort gjennom ein forenkla prosess etter plan- og bygningslova § 12-14 andre ledd, og meiner det burde vore gjennomført ein full planprosess. Statsforvaltaren meiner mellom anna at konsekvensane er for omfattande til at endringa kan gjennomførast etter ein forenkla prosess og at kunnskapsnivået om verknader for fugl og flaggermus må vere betre før det kan fattast planvedtak. Tiltakshavar peikar på at ei planavklaring av vindkraft skal vere overordna og setje ytre rammer, medan detaljane skal avklarast i konsesjonsbehandlingsprosessen etter energilova. Føremålet med planbehandlingsprosessen er å avklare om det kan opnast for vindkraft eller ikkje. Det blir i den samanheng vist til at gjeldande plan allereie opnar for vindkraft, og at kunnskapsnivået er tilstrekkeleg til å ta stilling til om den omsøkte vindturbinen kan etablerast eller ikkje. Det blir òg vist til at statsforvaltaren i fråsegna til konsesjonssøknaden ikkje har vore negative til at vindturbinen blir etablert, men at avbøtande tiltak må avklarast nærare.

Organisasjonane mot vindkraft og privatpersonane er generelt negative til at det blir etablert vindkraft i området, og dei meiner ein full planprosess er viktig for å få fram alle sider av saka. Dei er særleg opptatt av støy og andre negative verknadar av ein vindturbin på 275 meter. Tiltakshavar peikar på at ein full planprosess ikkje vil medføre ytterlegare utgreiingar, berre ein forlengd prosess. Det har allereie vore varsla oppstart av planarbeidet, noko som ikkje er eit krav for endringar etter forenkla prosess, i tillegg til høyringa som no har vore gjennomført med frist på tre veker. Dei aktuelle konsekvensane av tiltaket er utgreidd i samband med konsesjonssøknaden, og det har i denne prosessen vore lagt opp til brei medverknad med to folkemøte og ein full høyringsrunde. Det er vurdert at ingen bustader eller fritidsbustader vil få støynivå over gjeldande grenseverdier. Støy og andre verknader utanfor planområdet vil elles bli ein del av konsesjonsprosessen og oppfølginga av denne. Tiltakshavar kan difor ikkje sjå at det er kome ny informasjon som bør få verknad for plansaka.

Etter råd frå Statens vegvesen er arealføremålet SVG – annan veggrunn utvida med éin meter på kvar side, og byggjegrensene mot vegarealet er justert tilsvarende. Etter innspel frå NVE er det òg tydeleggjort i føresegn 6.4 at dette er ei faresone og i 6.4.1 at tiltak i faresona òg skal godkjennast av vindturbineigar.

Det blir elles vist til det vedlagde merknadsskjemaet med tiltakshavar sine kommentarar.